



# NÅR SOLA SNUR – ER TYR MED?


I Noreg er det registrert to stader som klart har samanheng med solverv, vinter og sommar: Todneset på Tysnes i Sunnhordland og Karnilshaugen i Gloppen, Sogn og Fjordane, der ein også finn garden Tystad. Er det berre eit samantreff at me finn Ty-namnet begge stader, eller var guden Tyr med når sola snudde? Bortsett frå at Tyr kanskje ikkje er den guden me først set i samband med solvervfeiringa...

© Knut Rage, 2017

Vintersolverv 22. desember vart i eldre tid markert ved plassering av visse stader, gjerne gravhaugar, der ein kan observera at sola skin direkte (og ingen andre stader) 5-10 min midt på dagen, eller når sola går ned. Sjølve stjerneeksempellet er truleg haugen Maeshowe på Orknøyane. Her skin sola inn ein ca. 10 meter lang gang og treff bakveggen i gravkammeret ved vintersolverv, i dag godt dokumentert via eit webkamera med eigen nettside. Maeshowe vart påbyrja ca. 3000 f.Kr. og fekk sin noverande form ca. 1500 f.Kr. Me snakkar i så fall om ein solkult som strekk seg fleire tusen år tilbake i tid, dersom det er slik at lokaliteten vart vald pga. solvervfenomenet.

Også andre stader på dei noverande britiske øyar og i landa kring Nordsjøbassenget kan ein observera slike solvervlokaltetar. Dette er ikkje emne for denne artikkelen, men eg vil kort berre nemna at det t.d. i Danmark er registrert fem lokalitetar som på forskjellig vis har hatt tyding som astronomiske siktepunkt.

I Noreg kjenner me kun to slike stader. Det treng ikkje seia at det ikkje finst andre, men det er desse to som er registrert og omtala: Karnilshaugen på garden Hauge i Gloppen i Sogn og Fjordane, og Todneset på Tysnes i Sunnhordland, ved innseglinga til Våge.



*Fitjeskaret i Gloppen, fotografert frå Karnilshaugen vinters tid .(Foto: Chell Hill (c) 2008. Creative Commons 3.0)*

Karnilshaugen er truleg den største haugen på Vestlandet som er bygd av menneske. Den er heile 50 meter i tverrmål og 7 meter høg. Haugen ruvar godt i terrenget der den ligg med utsyn over heile Gløppefjorden.

Karnilshaugen er ikkje utgravd, men arkeologar har gjort elektroniske målingar for å finna ut om haugen skjuler noko. Ein meiner å ha konstatert eit mogleg innhald i haugkonstruksjonen. Ved hjelp av observasjonar gjort av lokale folk er det sannsynleggjort at Karnilshaugen er eit astronomisk merke. Sola skin på haugen gjennom Fitjeskaret i sør, på den andre sida av Gloppefjorden, ved vintersolverv når resten av bygda er utan sol, og den er det siste punktet som har sol om kvelden midtvinters. Dvs. skråninga nedanfor haugen ligg i skugge, medan rett ovanfor, frå foten av haugen, lyser den mektige haugen i solskinnet omlag 8-10 minutt på slutten av dagen. Ved sommarsolverv skjer det same. Haugen er då det siste punktet sola slipp, ca. kl. 21.34. Då kan ein stå øvst på haugen bada i sol, medan alt rundt ligg i skugge.

Karnilshaugen har også namnet "Tinghaugen". Det seier jo sitt om kva slags funksjon haugen kan ha hatt i eldre tid. Men eigentleg veit me lite. Ein ting er sikkert - haugen har vore knytta til solverv både vinter og sommar og må ha hatt ei viktig tyding. Det er rekna ut at det har vore nytta 17 500 dagsverk på å bygga haugen, dvs. at det t.d. har vore ca. 90 mann om å reisa haugen i løpet av eitt år. Ei georadarundersøking viser som sagt at det kan vera ein konstruksjon sentralt i haugen. Iflg. nettstaden kulturminnesok.no er anlegget datert til yngre jernalder, dvs. seinare enn romartid. I området kring Karnilshaugen ligg det ei rekkje andre større og mindre gravhaugar.



*Skaret i Dallandsfjellet fotografert frå Todneset 22. desember 2001. (Foto: Svein Ove Agdestein).*


Også Todneset på Tysnes har denne funksjonen ved både vinter- og sommarsolverv. Nyare arkeologiske undersøkingar levnar tvil om den gamle teorien om at den ca. 20 m i diameter og halvannan meter høge røysa kan ha vore ein horg og har inneheldt eit altar vigd til guden Njord. Eg skal ikkje gå nærare inn på denne diskusjonen, som eg har omtala grundig i "*Todneset på Tysnes i Sunnhordland - horg, gravkammer eller ein stad for soldyrking?*" (2016) som kan lastast ned frå mi heimeside på Academia.com.

Føremålet med denne korte artikkelen er å sjå etter om det finst nokre likskapstrekk ved desse to lokalitetane. Begge stader er det observert eit tydeleg



solfenomen ved vintersolverv 22. desember og ved sommersolverv ca. 22. juni, om enn til noko ulike tidspunkt, men dette har med geografien å gjera – i prinsippet snakkar me om nøyaktig samanfallande observasjonar – ca. 10 minutt ved vinterolverv, og når sola vert vekke jonsokkvelden.

Men ved første augnekast er det likevel lettare å få auge på skilnader enn likskapar. Medan Karnilshaugen framstår som stor i omfang og tilsynelatande urørt, er det uråd å seia noko sikkert om røysa på Todneset, som har vore kraftig omrota ned gjennom tidene, anna enn at også denne lokaliteten ligg i ein slak haug. Det er heller ikkje råd å setja noko nøyaktig tidfesting på nokon av stadene. I nærleiken av røysa på Todneset er det reist ein bautastein (flytta dit frå fjæra for 15-20 år sidan, og dermed ein usikker plassering) som truleg må sjåast i samanheng med to (kanskje tre) bautasteinar tvers over vågen, samt ei samling bautasteinar på Onarheim, på den andre sida av øya. Desse siste er datert til romartid, og det kan rima ganske godt med tidfesting for ein periode då markering av vintersolverv kan ha vore aktuell.



*På kartet ser me Tystad i nord, og den omtrentlege banen av sollys frå Fitjeskaret og over fjorden til Karnilshaugen.*

Det lokale stadnamnet Todneset har vist seg vanskeleg å tolka eller tidfesta (sjå ovannemnde artikkel). Derimot er namnet Tysnes særst interessant i denne samanhengen. Tysnes-namnet omfattar heile neset (eller halvøya) som Todneset er ein del av. I Gloppen finn me nett det same – her finn me også Ty-namnet, garden Tystad som ligg kloss ved den vesle fjordarmen som går inn i landet i skillet mellom Nordfjord og Innvikfjorden. Frå sjølve Tystad til Karnilshaugen, som ligg noko opp frå fjorden, på garden Indre Hauge, er det 4.8 km.

På Tystad vart det i si tid (Fett: *Gloppen prestegjeld i serien Førhistoriske minne i Fjordane, utg. UiB 1960*) registrert ein gravhaug, og like ved haugen vart det før krigen reist opp att ein velta bautastein, 3.25 m høg, 45-55 cm brei og 20-30 cm, ikkje ulik bautasteinen som finst på Todneset i Sunnhordland. Endå eit likskapstrekk!

Er det eit reint tilfelle at Tyr-namnet går att i nærleiken av begge dei to kjende solverv-lokalitetane i Noreg? Eller er det slik at det er grunn til å knytta begge desse stadene til guden Tyr, og kanskje ikkje berre desse stadene, men solvervkulten i det heile? Og har det vore slik i Gloppen at Tyr-namnet har vore gjeldande for eit noko større område enn kun som eit lokalt stadnamn, slik me ser det på Tysnes?

Det er freistande – og bør også gjerast – å gå djupare inn i denne materien, og ikkje minst burde det setjast i verk ei større kartlegging av lokalitetar knytta til solverv, over det ganske land, men det er ikkje ærendet for denne korte artikkelen, der eg heller ikkje ønskjer å trekkja nokon bastant konklusjon, anna enn å peika på likskapstrekk mellom desse to solverv-lokalitetane - begge stader finn me altså Tyr-namnet, eit minne om den norrøne (germanske) krigsguden, men også guden for ære, rettferd og tingrett.